

Rybak flørta i stor stil

Wenche var med på notane



HELTEN: Line Mari Svendsen frå Leiknes spelar fiolin og har Alexander Rybak og Ole Bull som sine store helter. Ho stod i nesten tre kvarter for å få Alexander sin autograf. – Han virkar grådig grei, og han sa eg måtte fortsetja å spela, seier Line Mari.

FREKHAUG: Ho fekk eit spesielt møte med Alexander Rybak. Frå salen tok han med seg Wenche Alvær fram på scena. Lindås-dama fekk famnen full av kosebamsar og klemmar under "stuntet" på konserten med familiane Rybak og "3 generasjoner Stanghelle".

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no



KOS OG KLEM: Alexander Rybak og Thomas Stanghelle flørta i stor stil med Wenche Alvær. Ho var med på notane.

Alexander Rybak flørta med publikum og presenterte eit allsidig musikalsk show saman med familien sin og "3 generasjonar Stanghelle".

Konserten på Nordhordland folkehøgskule fredag kveld – i regi av Musikkens Venner og Knarvikmila, vart eit fyrverkeri med Melodi Grand Prix-vinnaren i sentrum. Han flørta med publikum og fekk kjempekontakt med dei nesten 300 i salen.

Wenche med på notane

Alexander Rybak tok til og med turen ned i stolradene og henta fram Wenche Alvær på scena. Ho var med på notane og fekk famnen full av kosebamsar og klemmar frå både Rybak og Thomas Stanghelle.

– Artig. Dei er jo så jordnære

og greie, både Alexander og resten av gjengen. Ingen primadonnanykker der, fastslo Wenche etter sitt festlege stevnemøte.

Skreiv autografar

– Her skulle jo barnebarna ha vore med. Dei skal få bamsane, smilte Wenche etter konserten. Alexander og resten av familien.

Alexander Rybak opna showet med vinnarlåten i Melodi Grand Prix, "Fairytale".

– Så var vi ferdig med den, konstaterte den humoristiske og allsidige artisten, som oppfordra folk til å synga med.

Stor spennvidde

Familien Rybak og familien Stanghelle har i 15 år halde konsertar ilag. Dei leverte eit svært allsidig show, med ei musikalsk

spennvidde du knapt har opplevd maken til. Her var det meste; frå pop til russisk folkemusikk, musikstoff, klassisk, blues og gospel. Og med ein bedehussong som ekstranummer.

Bestemor på 93

93 år gamle Matilde, bestemor i familien Stanghelle, er eit kapittel for seg. Ho har framleis ei utruleg bra stemmeprakt, og var ei oppleving på scena – både som solist og saman med dottera og barnebarnet (Thomas).

Også Rybak sine foreldre er svært så habile musikarar, mamma Natasja på piano, pappa Igor på fiolin og gitar. Stående applaus fortalde sitt tydelege språk om at konserten fall i smak.

Lørdag heldt Alexander Rybak ein minikonsert under Minimila.



93 ÅR: Bestemor Mathilde i «3 generasjoner Stanghelle» var solist og song saman med dottera og barnebarnet Thomas.

Alversund krev svar

TALVERSUND: Det blir folkemøte på Alver hotell fredag kveld.

Det manglar ikkje på aktuelle tema for valmøtet. Fleirbrukshall for skulen, idrettslaget og musikk- og kulturlivet – kombinert med ny barnehage? Flystripe på Erstadfjellet, ungdomsklubb og utviklinga av skulen. Bygdefolk og politikarar er invitert til frisk debatt i «Nora Støvo» på hotellet om viktige saker for Alversund-bygda.

– Vi håpar folk i Alversund stiller opp for å høyra kva politika-

rane tenkjer om framtida for den største krinsen i Lindås. Og folk må koma med sine utfordringar til politikarane, seier Magne Legernes.

Politikarane får kommentera dei aktuelle sakene, før debatten blir slept laus.

Etter møtet – som er venta å vara i to timar, kan folk fortsetja debatten på bygdepub i Skramkjellaren. Møtet startar kl. 20.00.

Rulleski-karusell

Første løpet i Nordhordland Skiklubb sin rulleski-karusell går i morgon (18.30).

Den 9 km lange løypa har start ved Holme og går nordover på sykkelsti/fortau langs rv 564, vidare innover gamlevegen mot Brakstad.

– Bruk av hjelm er påbode, seier Atle Austrheim i skiklubben. I alt fire renn inngår i rulleski-karusellen. Dei neste går 22. september, 13. oktober og 27. oktober.

Viser husmannsplassen

AUSTREHEIM: Den gamle husmannsplassen på Torvneset i Austrheim er samlingsstaden for markeringa av den nasjonale kulturminnedagen søndag 11. september.

"Skjulte skattar" er årets tema for kulturminnedagen. Frå kl.12.00 kan du bli betre kjend med husmannsplassen like ved kaien på Vardetangen. I dag er det berre resten av tuftene igjen av huset, men ein potetkjellar på kaiområdet er intakt og nyrestaurert. Haakon Aase, som stod i spissen for restaureringsarbei-

det, skal fortelja om arbeidet. Han har også med seg trekkspilet og saman med fleire syter vartar han opp med song og musikk.

– Eit av dei elleve barna som vaks opp på husmannsplassen vert også med om helsa tillet det. Ho er nom 104 år, fortel Kjell Isaksen i Austrheim kyst- og sogelag, som samarbeid med Austrheim kommune om arrangementet.

– Vi inviterer også til ein tur til Vardetangen, det vestlegaste fastlandspunktet i Norge.